



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Daniel Almhjell, 5557 2150

## Uttale til søknad om godkjenning av plan for mottak av jordmassar/nydyrkning/planering på gbnr. 99/4 i Alver kommune

Vi viser til søknad om godkjenning av plan for mottak av jordmassar/nydyrkning/planering på gbnr. 99/4 i Alver kommune. Søknaden vert oversendt Statsforvaltaren for å avklare om det er naudsynt med løyve til avfallsanlegg fordi det skal køyrast inn massar utifrå. Kommunen skriv at eit areal på til saman om lag 7 dekar som tidlegare har vore innmarksbeite skal fulldyrkast til lettbrukt fulldyrka jord. Det vil vere naudsynt med terrengtilpassing, bortsprenging av ujamnskapar, planering, drenering og tilførsel av mellom 15 000 – 20 000 kubikkmeter tilkørde jordmassar.

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrkning skal nydyrkning gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskriftena også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkningstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar.

Statsforvaltaren skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkninga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrkning.

Vi har ingen miljøfagleg kommentar til nydyrkninga, men den ansvarlege for tiltaket må sende meir informasjon til Statsforvaltaren før vi kan ta stilling til om anlegget skal regulerast som avfallsanlegg. Den ansvarlege kan ta utgangspunkt i punkt omtalt i forureiningsforskrifta § 36-2 om krav til søknader etter forureiningslova. Sjå også informasjon og lenke til Miljødirektoratet sin rettleiar på vår nettside <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/avfall-og-gjenvinning/Avfall-Soknad-om-loyve-til-avfallsanlegg/>.

I første omgang kan dei ulike punkta omtales kort. På bakgrunn av innsendt dokumentasjon vil vi ta stilling til om det er fare for forureining frå tiltaket slik at det må ha tillating som avfallsanlegg etter §§ 29 og 11, eller om forureininga ikkje føre til nemneverdig skade eller ulempe, og difor kan finne



sted utan tillating, jf. forureiningslova § 8. Dersom det konkluderast med at det er krav om tillating, kan det bli behov for ytterlegare informasjon, dette vil vi i så fall kome tilbake til i dialog med den ansvarlege.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær  
assisterende landbruksdirektør

Daniel Almhjell  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*